

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	14.04.21	17/21

VIDARE PROSESS I KARTLEGGING AV STATUS PÅ SETRER OG DYRKINGSPARSELLAR OG MED OPPFØLGING

Saksdokument:

Fjellova og «Seterforskrifta» med kommentarar.

Saksutgreiing og vurdering:

Gjennomgangen av status på bruk av setrer og dyrkingsparsellar har gått i «rykk og napp» avhengig av ledig kapasitet utover nødvendig arbeid elles. Fjellstyret starta arbeidet med ein slik gjennomgang for setrer etter følgjande vedtak i sak 17/09:

Etter at seterregistreringa vart ferdig i 2008, vil fjellstyret starte ein prosess med å få avklart statusen for dei setrene som ikkje har vore i bruk av seterbrukaren på mange år, og følgje prosedyre etter reglane i fjellova og i forskrift om seter og dyrkingsjord i statsallmenning. Denne gjennomgangen vil fyrst bli teke på Heimfjellet. Fjellstyret vil ta kontakt med kvar brukar, og er innstilt på å gjennomføre synfaringar der det er nødvendig.

Dette resulterte i at det i ei periode etter 2009 vart fatta vedtak om frifall for enkelte setrer på Heimfjellet, og somme av desse vart annonsert for bruksretten og vist ut til ny brukar med behov for seter. I 2009 fekk fjellstyra også ansvaret for utvising av tilleggsjord, før den tid var det Statskog. Dermed fekk også fjellstyra det formelle ansvaret for å vurdere statusen for dyrkingsparsellar, ikkje berre setrer. I ei periode etter ca. 2012 vart det ei «pause» i oppfølginga av seterregisteret m.a. fordi dette arbeidet var ressurskrevjande. I 2017 vart det tatt ein ny gjennomgang av statusen av både setrer og dyrkingsparsellar, og med god hjelp av landbrukskontoret i framskaffing av opplysingar om drift. I tillegg vart det sendt ut eit skjema til brukarar med seter eller dyrkingsparsell som vi var i tvil om dagens bruk, eller for å få korrekt årstal for sist den har vore i bruk av brukaren sjølv. Dei fleste har svara, men det måtte sendast ei purring til enkelte.

Når det gjeld definisjon av «bruk»/«ikkje i bruk», så har fjellstyret tolka og praktisert reglane slik at ved bortleige så er setra/parsellen definert «ikkje i bruk». Vi har eksempel på at fjellstyret har fatta vedtak om frifall av seter pga. av samanhengande bortleige av seterkvea i over 20 år, der brukaren har klagt på vedtaket, fjellstyret har ikkje tatt klagen til følgje, og saka har gått til sluttbehandling i Statens Landbruksforvaltning/Landbruksdirektoratet, som ikkje har gjeve klagaren medhald, men har stadfesta fjellstyret sitt vedtak. Vi har også i seinare tid (i 2016) døme på at fjellstyret har fatta frifallsvedtak for dyrkingsparsell som har vore bortleigd i over fem år. I det tilfellet vart det ikkje klagt på vedtaket.

§ 9 i seterforskrifta omhandlar når seter skal reknast for å vere i bruk. Det står følgjande:

Blir setervollen hausta eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, vil setra vere «i bruk» i høve til § 22 i fjellova.

I kommentarane til § 9 står det m.a. at for at ei seter skal reknast for å vere i bruk:

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Bruken må skje ut frå den eigedomen som setra høyrer til. Bortleige av seter for kortare periodar, inntil 10 år er tillate, men vilkår om at setra skal vere «i bruk» frå eigedomen der den høyrer til vil da ikkje vere til stades. Bortleige av setra kan vere ein indikasjon på at vedkomande jordbrukseigedom ikkje lenger treng setra. Setra skal ikkje kunne bli «halden i hevd» ved å dra nytte av andre med bruksrett.

§ 9 i forskrifta vart endra i 2014 for å klargjera at det ikkje lenger er nødvendig med eigen buskap for at setra skal kunne seiast å vere i bruk. Blir seterkvea hausta, anten til eige bruk eller for sal, vil setra vere «i bruk» i høve til § 22 i lova.

I § 22 i fjellova står det m.a:

Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.

2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.

2. Når tilleggsjorda i 5 år ikkje har vore i bruk.

Vi veit at enkelte dyrkingsparsellar er bortleigd. Det står ingen ting i lova og forskrifta med kommentarar om dette med bortleige av tilleggsjord, så generelt er det nok ikkje anledning for ein jordbrukar til å leige ut tilleggsjord.

Norges Fjellstyresamband (NFS) har på generelt grunnlag argumentert for, ved t.d. i høyringar på seterforskrifta og ny fjellov, at seter eller tilleggsjord må kunne definerast «i drift/i bruk» når garden med tilhøyrande ressursar blir leigd ut. Om areala blir drifta av eigar eller leigar meiner NFS ikkje er avgjerande, derimot er det avgjerande at areala blir drifta i tråd med utvisingane. Dette synet er nok ikkje «innafor» gjeldande reglar når det gjeld spørsmål om ei seter eller dyrkingsparsell er definert «i bruk».

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret vil jamleg ta ein gjennomgang av status på bruk av setrer og dyrkingsparsellar, med innhenting av opplysningar både frå landbrukskontoret og frå den enkelte brukar dersom det er nødvendig.

I oppfølging av slik gjennomgang, vil fjellstyret med bakgrunn i reglane i fjellova og seterforskrifta, samt tidlegare praksis, definere bortleige av seterkve og av dyrkingsparsell som «ikkje i bruk». Beiting med eigne dyr, eller at seterkvea/dyrkingsparsellen blir hausta, anten til eige bruk eller for sal av før, er definert «i bruk». Slik bruk må vera knytt til ei jordbruksmessig drift av garden. Fjellstyret kan om nødvendig krevje dokumentasjon på dette, som t.d. produksjonstilskot, næringsoppgåve eller liknande.

Dersom ei seter har hatt status «ikkje i bruk» i over 20 år samanhengande, og ein dyrkingsparsell i over 5 år samanhengande, vil fjellstyret følgje opp med frifallsak. I saker der det ligg an til at det blir vedtak om frifall, kan det vere aktuelt med ein prat med jordbrukaren på førehand. I særskilde tilfelle kan fjellstyret utsette behandling av ei frifallssak, som t.d. pga. helsemessige årsaker til jordbrukaren, generasjonsskifte «på gang» eller sal av garden.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Statskog

Vågå kommune

Norges Fjellstyresamband

Vågåmo, 14.04.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no